

Vedtøk reguleringsplan for Bua

SUNNDAL: Reguleringsplanen for kommunehusområdet og Bua på Øksendalsøra har vært gjennom flere politiske behandlinger på grunn av ulike forslag om området ved kommunehuset.

Høringsrundene viser imidlertid at det ikke har vært konflikt om planforslaget for området ved Bua, et område som ligger tett på

fylkesveg 62 gjennom Øksendal.

Grunneieren i området har ønsket behandling av dette området så snart som råd, og det foreligger bare ett planforslag for dette området. Rådmannen har vurdert det slik at det ikke er noen direkte sammenheng mellom området ved Bua og det mer konfliktfylte området nede på

Øksendalsøra, og at disse dermed i prinsippet kan vedtas hver for seg.

Rådmannen mente derfor at reguleringsplanen for området ved Bua kan fullføres nå - før området ved kommunehuset, som på grunn av mange merknader og innsigelser vil ta noe lengre tid å legge fram for politikerne til

behandling.

Forslaget til ny reguleringsplan har vært ute til høring og offentlig ettersyn i to omganger. Ved første utsending kom det inn 21 merknader, og etter ny utsending kom det ytterligere 13.

Politikerne i ØP-utvalget var enstemmige i sin behandling tirsdag.

En rekke merknader til forslaget til reguleringsplan for området, blant annet fra bygdelag, naboer og andre, var svært positive til at det legges til rette for boliger på tomta, og ble tatt til følge.

Det er kommunestyret som fatter endelig vedtak i saka.



Jubileumsbok: Oddvar Mikkelsen med jubileumsboka «Surnadal Bondelag 100 år.»

Surnadal Bondelag med jubileumsbok:

- Viktig næringsaktør

I dag skal jubileumsboka til Surnadal bondelag leggst ut for sal. Boka er viktig dokumentasjon på 100 års teneste for ei viktig næring.

Sigmund Tjelle
sigmund.tjelle@driva.no

Det er Sverre Hatle som har vore redaktør for boka som har bidrag frå fleire sentrale personar i tilknytning til bondelagsmiljøet. Onsdag morgon tok Oddvar Mikkelsen turen til MediaHuset på Sunndalsøra for å ta med seg heile opplaget på 500 bøker til

Surnadal der bøkene skal leggjast ut for sal på fleire butikkar. Det blir og muleg å få kjøpe boka på jubileumsfesten som bondelaget inviterer til i Bondhuset i Stangvik, laurdag 15. november.

- Vi diskuterte kva vi skulle gjere ut av jubileumsåret, og kom fram til at vi både måtte få til både bok og jubileumsfest. Sverre Hatle sa seg villig til å vere redaktør under føresetnad av at han skulle få god hjelp med å samle stoff. Hjelpa har nok ikkje vore så stor som vi hadde sett for oss, men Sverre har sjøl innhenta mykje stoff og har i det heile gjort ein kjempejobb.

Redaktøren har hatt tilgang på dei fleste protokollane til bondelaget. Unnataket er perioden frå sist på 70-talet frå til år 2000. Den protokollen har dei ikkje klart å spore opp.

- Bondelaget er og har vore ein viktig aktør i Surnadal?

- Ja. Bønder og bondelaget har medverka til næringsverksemd også til ting som ikkje direkte kan koplatt opp mot landbruket. Eg tenkjer mellom anna på sparebanken og Gjensidige.

Smakebitar

«Surnadal bondelag 100 år» tek for seg historia i ulike bolkar frå føregangsmennene i Stangvikbukta til krigstida, samvirkebedriftene og mykje anna. Sverre Hatle skriv i forordet at jubileumsboka berre tek føre seg smakebitar av bondelivet i bygda dei siste par hundreåra.

«Det byggjer ikkje på forskning, men på det som meir eller mindre tilfeldig har kome oss for øyre. Smakebitane har vi henta frå ymse periodar, frå ymse felt til ymse grender.»

Ungdomen satsar

Oddvar Mikkelsen har vore leiar i Surnadal Bondelag dei siste fem åra. Han fekk nyleg avløyssing av Sivert Mauset. I si helsing i jubileumsboka skriv Mikkelsen mellom anna: «I dag er bøndene ei lite gruppe i samfunnet. For 100 år sidan var dei fleste bønder. I dag slår vi saman fleire gardar til store drifts-einingar. For hundre år sidan vart det dyrka opp nye småbruk over heile landet. Husmannsvesenet er snudd opp ned.»

Mikkelsen skriv og at det ikkje er til å undrast over at det var i Stangvika det første lokallaget vart stifta. «Der var sentrum den tida sjøen batt bygdene saman, og der var både verdsleg og åndeleg makt samla.»

Han peikar på at det har vore stor satsing og bygging av mange nye fjøs i hans formannstid. Mange ungdomar har teke over gardar, og det er stadig nye ansikt å sjå på Kløverstumøta.

Jubileumsfest

Laurdag 15. november inviterer bondelaget til stor jubileumsfest på Bondhuset.

- Dit er alle medlemmane invitert. Vi ser gjerne at også ikkje medlemmar - men som likevel har tilknytning til landbruket kjem på festen der det blir talar, middag og ein svingom.

Oddvar Mikkelsen seier bondelaget vil gje kommunen nokre eksemplar av jubileumsboka. Dei vil og dele ut bøker til ungdomsskulen i håp om at den nyttast i undervisninga.

Din lokale kjøkkenfornyer

"NYTT" KJØKKEN?

BEHOLD SKAPENE - BYTT KUN DØRER OG SKUFFER

Skuffene og dørene har de samme kvaliteter som et nytt og moderne kjøkken.

UFORPLIKTENDE OG GRATIS BEFARING

NÅ OGSÅ MED 9 MÅNEDERS BETALINGSUTSETTELSE

OBS! OBS!
Handle direkte fra fabrikk - Ingen dyre mellomledd

Scandoor Norge as

TLF. 73 50 50 00
www.scandoor.com

GARASJEPORTER
Høstkupp!
Inntil **-30%**

Ring oss på
tlf: 911 50 200

Fasade
PRODUKTER

www.fasadeprodukter.no